

1 Samferdsle med samanheng

2
3 I mange år har norske samferdsleinvesteringar blitt prioritert til store einskildprosjekt. Til
4 fortvilelse for dei som blir berørt av utbygginga, og til minst like stor fortvilelse for dei som gang på
5 gang blir nedprioritert og må leve med utdaterte, overbelasta og sårbare forbindelser til omverda.
6

7 Senterungdommen meiner tida er inne for å realitetsorientere ambisjonsnivået og heller tenke
8 heilskapleg i samferdslepolitikken. I staden for rolls-royce-veg med fire felt og 110km/t fartsgrense
9 noen få plassar bør ein satse på å binde landet saman med brukbare vegar der tilbodet i dag er skralt
10 eller fråverande. Er det best å ha ein superveg på ei side av dalen (som likevel av og til blir stengt av
11 vedlikehald og ulykker) eller er det best å ha ein brukbar veg på kvar side av dalen slik at trafikken
12 fordelar seg og omkjøringsvegen ikkje blir så lang når ulukka likevel er ute?
13

14 Senterungdommen meiner ein også må nytte høvet til å tenke på nye samband. Mange plassar vil
15 ein tunnel, ei bru eller eit par mil heilt ny veg på tvers føre til at eksisterande vegar blir knytt saman.
16 Dette vil gje nye bo- og arbeidsmarknadsregionar, og det vil gje betre muligheiter til å velge
17 alternative ruter om det oppstår problem der trafikken vanlegvis går. Ein får meir att for
18 investeringar som allereie er gjort, og samstundes kortare avstandar og nye muligheiter for folk og
19 næringsliv. Ofte vil det å bygge fleir middels gode vegar (tofeltsveg med midtdelar og planskilde
20 kross) fordele trafikken på nye måtar slik at ein kan spare seg for kostbare og arealkrevande
21 firefeltsprosjekt.
22

23 Det same gjeld på jernbanen. Det norske jernbanenettet er ikkje noe nett. Det er ei sprikande
24 stjerne utan muligheiter for omkjøring om noe skulle skje. Samanknytingsprosjekt som Gjøvik-
25 Moelv, Porsgrunn-Gjerstad, Fauske-Narvik og elektrifisering av dieselstrekningane har vert snakka
26 om i hundre år. Det er prosjekt som ikkje berre hadde gitt eit godt tilbod på nye strekningar, men
27 også forsterka dagens tilbod ved at ein fekk omkjøringsmuligheiter og kunne knyte saman
28 eksisterande baner. Til saman ville det betra toget si konkurransekraft betydeleg og gitt eit langt
29 betre tilbod til norsk næringsliv.
30

31 Senterungdommen meiner heilskap, nettverk og utvikling av heile landet må ligge til grunn i all
32 samferdslepolitikk framover.
33

34 Innsendt av Buskerud Senterungdom